



BKMR

ÅRSMØTE 2015

BILETKUNSTNARANE I MØRE OG ROMSDAL

Laurdag 21.mars kl 10.00 – 13.00
På Alexandra Hotel
Molde

INNHALD:

DAGSORDEN

SAK 1	Konstituering	
s. 2		
1.1	Val av ordstyrar	
1.2	Val av referentar	
1.3	Val av to til å underskrive protokollen	
1.4	Oppteljing av frammøtte og godkjenning av stemmefullmakter	
1.5	Godkjenning av innkalling	
1.6	Godkjenning av dagsorden	
SAK 2	Styret si årsmelding	s. 3-6
SAK 3	Rapport frå Stiftelsestyret for Ålesund Kunstfagskole	s. 7-8
SAK 4	Rapport frå Vestlandsutstillingens råd	s. 9
SAK 5	Rapport frå Kunstmuseet KUBE/Jugendstilsenteret	s. 10
SAK 6	Rapport frå Kontrollutvalet	s. 11
SAK 7	Rekneskap	s. 12- 14
SAK 8	Saker lagt fram av styret	s. 15
8.1		
8.2		
8.3	sak 1 og 2	
SAK 9	Saker lagt fram av medlemmane	s. 16
SAK 10	Handlingsplan for 2015	s. 17
SAK 11	Budsjett for 2015	s. 18
SAK 12	Val	s. 19 -20
	Vedtekter BKMR	s. 21-25

Styret

Styret har i 2014 vore samansett av

Styreleiar: Karin Augusta Nogva

Nestleiar: Heidi Rødstøl

Kasserar: Trine Røssevold

Heidi Rødstøl har vore gjennomgåande styremedlem i både BKMR og KMR.

Endring i styre fra juni til september, da gjekk Heidi Rødstøl inn som fungerande styreleder, i forbindelse med fødselspermisjon til Karin Augusta Nogva, som da fortsatte som styremedlem.

Aktivitet

Styret har i styreperioden 2014 hatt fem ordinære styremøte og eit skype-møte . Møta vart haldne i Ålesund. Styret har hatt god og fin dialog via e-post og telefon når det har vore behov for dette.

Saker

Året starta friskt med ny nettside som var på plass 20 februar. Det er AD Com i Molde som set på web stedet og kan vere behjelpelig om det trengs. Til dagleg er det styreleder som administrer web sida.

Ny direktør på Kulturkvartalet i Ålesund

I mars fekk styret informasjon ang. ny ansettelse av direktør på Kulturkvartalet i Ålesund. Nils Anker skulle gå av som direktør etter ein periode på 6 år (2008-2014). BKMR og Kunstsenteret MRK, arbeidet saman om ein uttalelse, der hovedefokuset var at Kunstmuseet Kube må ivaretakast som institusjon når ny direktør skal ansettast. Dette sendte vi til Fylkeskultursjefen i Møre og Romsdal, Heidi Iren Wedlog Olsen.

I etterkant ringde Karin Augusta, Fylkeskultursjefen (i Møre og Romsdal) vedrørende ansettelsesprosessen og la fram viktigheita av kunstnarisk representasjon i utvelgelsesprosessen, dette for at Kunstmuseet Kube skal bli ivaretatt som institusjon. (Ho var lyttande til saka.) Styreleder hadde møte med Anne Beite som sitter i styret Kunstmuseet Kube vedrørende saka

I august var det klart at Gro Kraft vart ansatt som direktør. Ho har tidlegare vore administrerande direktør for Kunst i offentlig rom (KORO).

Møre og Romsdal Kunstnarstipend.

På årsmøte 2014 var kunstnarstipendet oppe som sak frå styret. Det vart stemt over eit forslag på kva som var mest teneleg for medlemmane i BKMR.

Årsmøtet vedtok å arbeide for:

I arbeidstipend (2 årig) på 200 000kr som er forbehold biletkunstnarar
Prosjektstipend 200 000 kr til alle kunstuttrykk

Dette tok vi i styret vidare da vi 29. november hadde møte med Fylkeskultursjefen

Heidi- Iren Wedlog Olsen. Heile styret var tilstades. Møtet vart halde på Karin Augusta sitt atelier (på Aggregat atelierfellesskap, Ålesund) Dette fordi vi ville ho skulle få møte ein kunstnarkvardag. Heile 3 timar hadde vi sett av til møtet der Heidi Iren fekk lære mest muleg om BKMR. Vi i Styret hadde forberedt oss godt til møtet. Vi hadde på forhand bestemt oss for å vere tydleg i nokre få saker, dette var:

BKMR som høringsinstans- dette er den foreininga med høgast kunnskap om kunstfeltet i fylket og vi oppmoda om at Bkmr skal bli nytta som høyringsinstans i saker som vedkjem fagfeltet vårt.

Møre og Romsdal Kunstnarstipend, fremje ønskje om å få til 2 årig arbeidstipend på 200 000kr til visuell kunst. Stipendet bør aukast. Vi gav ho oversikt over alle år med tildelingar, antall søkarar fra dei ulike kunstfelta og summane som var fordelt. Oversikta viste ei slående stor overvekt av søknader fra feltet visuell kunst noko som kom særskilt ut i forhold til tildeling.

Andre saker vi tok opp:

- DKS - Den kulturelle skulesekken. Sikre profesjonalitet av produksjonar.
- Offentleg Utsmykking og ønskje om betre samarbeid meg bygg og anlegg i MR-fylke
- Fra gråpapir til galleri, Vi gav klare signal om at dette var noko vi som fagfelt ikkje hadde blitt spurt om med høve til behov og retningslinjer. Vi la fram forskjellen mellom arbeidande kunstnar og gallerist og viktigheita av å kunne jobbe i desse lokala.

Simon Wågsholm, medlem i BKMR og styreleder i Aggregat atelierfellesskap hadde ein kort presentasjon om kunstnaranes arbeidskvardag.

(2015 januar- oppfølgingmail til fylkeskultursjefen- Dette har Heidi Iren Wedlog Olsen tatt fatt i.

Februar 2015- blei det vedtatt I kultur og folkehelseutvalget ei auke av kunstnerstipendet på 100 000kr

Mars 2015 blei det enstemmig vedtatt på kultur og folkehelseutvalget ei omstilling i tildelinga av kunstnarstipendet. I stipend til visuell kunst på 200 000kr. Fylkeskultursjefen har grunngeve omstillinga med at antall søkjarar innanfor fagfeltet visuell kunst er mykje høgare enn et ein ser innanfor dei andre kunstfelta, dette viser at behovet innanfor det visuell kunstfeltet er større.

(Trine og Karin utarbeida eit brev til dei 11 representantane i utvalet 2 dagar før møtet)

Medlemsmøte:

Laurdag 25 oktober, Molustranda, i atelier til Marit Moltu.

Deltagarar 7 medlemmar, 2 fra styret og 1 invitert (10)

(Arrangere fagdag- Marit kom med invitasjon i august.)

På programmet hadde vi:

Styreleiar Karin Augusta informerte om BKMR styret sitt arbeid og medlemmane kunne komme med innspel.

Trine informerte frå NBK og frå Kulturrådets årskonferanse.

Harald Dyrkorn var invitert til å snakke om temaet: Kva gjer kunsten? Korleis kan kunsten vere samfunnsrelevant?- kunstnaren sin viktige plass i eit samfunn.

Etter dette blei det stelt i stand eit godt måltid: Trine sin heimelaga Tomatsuppe. På kvelden fekk vi vere med Marit Moltu på ei ferd i hennar World Wide Art Project , "Stadar for Stunder" Det var ein flott opplevelse som enda på kystmuseet, Steinhuset, med utstillinga "STEMMENE".

Styreledermøte i Praha 7-9 november NBK.

Her deltok Karin Augusta- leier i BKMR
Trine Røssevold- som nestleiar i NBK

Saker som var oppe:

Utstillingshonorar: Styreleder i NBK Hilde Tørdal, presenterte pilotprosjektet utstillingshonorar, Samanliknas med eit allereie godt i gang prosjekt MU – i Sverige. Fire statlige visningstadar deltek i pilotarbeidet (2 mill.) NBK er med i ei referansegruppe for Utstillingshonorar, samen med NK og to av visningsstadane sine leiarar
Det låg da inne eit forslaget til statsbudsjettet i 2014, en økning på 4 mill. – noko som vil utvide piloten med 8 visningstadar. (dette blei vedteke på eit seinare tidspunkt).

Oppmodar distriktsorganisasjonane om å jobbe opp mot politikarar i samband med Kommune og fylkesvalget 2015

Trine Røssevold heldt ein presentasjon av det politiske systemet, der ho kartlagde dei ulike politiske systema sin rolle.

Innkjøpsordninga: distriktsorganisasjonane skulle ha med informasjon fra sine distrikt ang. innkjøp og korleis det blir praktisert. Karin Augusta hadde med informasjon fra Kunstmuseet Kube. Informasjonen danna grunnlaget for gruppearbeid. Presentasjonen av dette arbeidet tok NBK med seg vidare i arbeid som ligg på handlingsplanen deira, om å lage felles retningslinjer for innkjøp.

Stipendordningene: Trine Røssevold (NBK) tok opp stipendbehandlingen som står på handlingsplanen. Fjerning av uravstemminga var spørsmålet. Trine la fram to ulike alternativ i staden for uravstemming- der nominasjonsutvalget får større tyngde i det avgjørande arbeide i kven som skal sitte i DNJ og St. Stipend.

BKMR sine Innspel/debatt:

I samband med utlysning fra Kunstmuseet Kube om å søke atelierplass på kunstmuseet, sendte styreleder ein uttalelse til Kube. I denne uttalelesen viser ein til at BKMR som foreining ser med bekymring på at det ikkje ligg noko økonomisk honorar/prosjektstøtte til våre medlemmer i dette prosjektet. Vi oppmoda om eit møte for å finne ei løysing. Kunstmuseet Kube tok dette innspellet på alvor og innførte eit honorar på 10000,-

I utspel i media

Sunnmørsposten i desember. Dette i forbindelse med utsettinga av prosjektet som Møre og Romsdal Fylke har sette i gang "Fra gråpapir til galleri". Her poengterte styreleder viktigheita av at kunstnarar må ha moglegheit til å arbeide i lokala.

Nye medlemmar

Styret har mottatt 1 søknad om medlemskap i 2014, som blei godkjend. Vi fekk innmeldt 1 overflytningsmedlem fra BKFH.

- **Torill Storvik Malmedal** (meldt inn 14.03.2014). ny medlem fra Elnesvågen. Jobbar innan fleire utrykke som stein, glass og grafikk. Har medlemskap i ein rekke foreiningar deriblant NBK og NG. Har gode forbindelsar til Italia Carrara og jobbet med stein- og eide steinindustri.

- **Astrid Narvestad Wærdahl** (meldt inn 30.12.14) – Overflytta, tidlegare medlem i Bildende Kunstneres Forening Hordaland (BKFH i Bergen). Utdanna ved Kunsthøgskolen i Bergen, grafisk (1979-83), hospiterte ved Vestlandets Kunstakademi 1983. Jobbar med digitaltrykk og metallmaling på akryl.

Vi ønskjer desse velkommen inn i BKMR

Nye tiltak for å nå nye medlemmer er ny nettside. Vi oppfordrar medlemmane til å være aktive med å informere styre om dei kjenner til nokon som bør søkje.

Økonomi

Rekneskapet fra 2014 viser eit underskot på kr 3369.. Økonomien er under kontroll, men for å kunne ha ein viss aktivitet som til dømes medlemsmøter ønsker styret å auke medlemskontienten.

Stiftelsesstyret har 6 medlemmer og har i 2014 har bestått av:
Nils Anker, styreleder (Møre og Romsdal fylkeskommune)
Kjell Gjerde, nestleder (Folkeuniversitetet Møre og Romsdal)
Solveig Fagermo, styremedlem (NK Midt- Norge)
Karin Augusta Nogva, styremedlem. Karin har hatt permisjon fra mars 2014 (BKMR)
vara Liv Dysthe Sønderland har vært på styremøtene i 2014.
Asgeir Berg, styremedlem (Ålesund Kommune)
Anne Standal, styremedlem (Ålesunds Kunstforening)

Stiftelsesstyret og eier av Ålesund Kunstfagskole, og er skolens øverste organ. Stiftelsens skal ivareta oppgåvene og det ansvaret som tillegges skoleeigaren, i henhold til fagskulelova med forskrifter og pålegg fra offentlige myndigheter, og være med på positiv utvikling innan kunst- og kulturområde i Ålesund kommune og Møre og Romsdal fylke.

Skolestyre mottar oppgåver fra Stiftelsesstyret.

Skolestyret sitter i ein 2 års periode. Det var varslet om fra BKMR at i neste periode, (fra januar 2015) ønsket man kunstnarlig representasjon. Den kunstfaglige kompetansen i det nye Skolestyret blir delvis ivaretatt. Dette gjennom arkitekt Pettersen og kurator ved KUBE Benedikte Holen.

Stiftelsens daglige leder er rektor Ragnar Johansen, som også er skulens rektor. Trine Røssevold er inspektør ved skulen i 60 %.

Styret har i 2014 avviklet 4 styremøter.

Økonomien ved skolen er stram, og styret har følge arbeidet med å få redusert underskuddet ved skolen fra 2012. Skolens administrasjon har hatt meget god økonomistyring, noe som har resultert i at underskuddet nå nesten er borte.

Skolen finansieres med 75% tilskudd fra Staten, og 25% ved studentbetaling. Antall søkere til skolen var lavt i årene 2011-2013. I 2014 tok søkertallene seg opp igjen. Rekruttering av søkere til skolen har hatt fokus.

Finansieringen av deler av utdanningssektoren er under omlegging. Det er en fare for at det faste tilskuddet fra Staten vil bli erstattet med en finansieringsordning hvor antall elever blir avgjørende for en del av tilskuddet. Små skoler med varierende studenttall som Ålesund Kunstfagskole blir med en eventuell slik ny ordning mer utsatt. Det vil bety mindre forutsigbarhet. Stiftelsesstyret og skolen venter i spenning på ordlyden i det nye regelverket.

2014 var jubileumsår for Ålesund kunstfagskole.

Skolen feiret med 3 arrangement:

Jubileumsutstilling på Ålesund kunstforening med tidligere elever som er blitt etablerte kunstnere
Bursdagsfest med inviterte gjester i Kunstfagskolens lokaler.
Et heldags faglig seminar

Ålesund Kunstfagskole har gått gjennom en lang krevende prosess med å tilfredstille NOKUT sine krav til Fagskoler. Dette arbeidet var ferdig i 2013. I 2014 gjennomgikk skolen en endelig revisjon fra NOKUT. Skolen har bestått revisjonen på alle punkter.

Fra januar 2015 er det tiltått et nytt stiftelsesstyre. Det nye styret består av:

Gøran Heimdal , styreleder (Ålesund kommune)
Gro Kraft, nestleder (Kulturkvartalet)
Marit Øydegard, styremedlem (NK Midt- Norge)
Anne Beite, varamedlem (NK-Midt-Norge)
Liv Dysthe Sønderland , styremedlem (BKMR)
Bent Erik Myrvoll, varamedlem (BKMR)
Ann-Kristin Emblem, styremedlem (Folkeuniversitetet)
Åsne Folstad, varamedlem (Folkeuniversitetet)
Guri Nilsen Wiig, styremedlem (Ålesund Kunstforening)
Synnøve Devold, varamedlem (Kunstforeningen)

Liv Dysthe Sønderland (vara, men møtende styremedlem)
Karin Augusta Nogva (styremedlem med permisjon i 2014)

SAK 4

Rapport fra Vestlandsutstillingens råd 2014

v. Liv Dysthe Sønderland

Denne rapporten blir delt ut på årsmøte.

Representant for BKMR Anne Beite, Ålesund 9.2.2015

Stiftelsen har hatt 9 møter i løpet av året 2014.

Det har vært behandlet og godkjent regnskap.

Diskutert strategiplan og handlingsplan.

Ordinære styresaker og ansettelse av ny direktør.

Hovedfokuset til styret har vært ansettelse av ny direktør og stiftelsen Kulturkvartalet sin økonomiske utvikling.

Rapport frå Kontrollutvalet i BKMR

BKMR sitt Kontrollutval for perioden 2014-2015 har bestått av Fride Haram Klykken og Halvard Hatlen.

Kontrollutvalet finn ikkje noko å utsetje på styrets arbeid.



Fride Haram Klykken

sign.



Halvard Hatlen

sign.

Biletkunstnarane I Møre Og Romsdal

Resultatregnskap

	Note	2014	2013
DRIFTSINNEKTER OG DRIFTSKOSTNADER			
Driftsinntekter			
Annen driftsinntekt		58 955	55 775
Sum driftsinntekter		58 955	55 775
Driftskostnader			
Lønnskostnad		37 000	37 000
Annen driftskostnad		25 349	22 972
Sum driftskostnader		62 349	59 972
Sum driftsinntekter og driftskostnader		(3 394)	(4 197)
FINANSINNEKTER OG FINANSKOSTNADER			
Finansinntekter			
Annen renteinntekt		81	212
Sum finansinntekter		81	212
Finanskostnader			
Annen rentekostnad		56	63
Sum finanskostnader		56	63
Netto finansposter		25	149
ORDINÆRT RES. FØR SKATTEKOSTNAD		(3 369)	(4 048)
Skattekostnad på ordinært resultat		0	0
ORDINÆRT RESULTAT		(3 369)	(4 048)
ÅRSRESULTAT		(3 369)	(4 048)
OVERFØRINGER OG DISPONERINGER			
Overføringer annen egenkapital		(3 369)	(4 048)
SUM OVERFØRINGER OG DISPONERINGER		(3 369)	(4 048)

Balanse pr. 31.12.2014

	Note	31.12.2014	31.12.2013
EIENDELER			
OMLØPSMIDLER			
Bankinnskudd, kontanter o.l.		40 944	44 313
SUM OMLØPSMIDLER		40 944	44 313
SUM EIENDELER		40 944	44 313

Balanse pr. 31.12.2014

	Note	31.12.2014	31.12.2013
EGENKAPITAL OG GJELD			
EGENKAPITAL			
Innskutt egenkapital			
Annen innskutt egenkapital		13 633	13 633
Sum innskutt egenkapital		13 633	13 633
Opptjent egenkapital			
Annen egenkapital		27 311	30 680
Sum opptjent egenkapital		27 311	30 680
SUM EGENKAPITAL		40 944	44 313
SUM EGENKAPITAL OG GJELD		40 944	44 313

Underskrifter 04/03 - 2015





8.1 Auke av medlemskontingent med 100kr.

Dei siste åra har BKMR gått med minus i sine budsjett, i 2013- 4048kr og 2014- 3369kr. Styret har ein nøktern bruk av pengar når det gjeld styremøter, med lite kostnad i reise og mat. Det er også vanskeleg for styret i BKMR å avhalde medlemsmøter med denne økonomien som er i dag. I fjor mottok vi 5000 kr i støtte fra NBK fahpolitiske midlar for arrangementet medlemsmøte. Aukar vi med 100kr i kontingent vil dette utgjere 6700kr. Kontingenten blei sist heva i 2012.

Forslag til vedtak:

BKMR ønskjer å vere eit aktivt styre og ha moglegheit til å samle medlemmane til faglege møter. Vi ber om at medlemskontingenten aukast med 100kr, fra 450kr til 550kr. Dette vil utgjere 6700kr.

8.2 Samordne søknadsfrist.

Vi i styret ønskjer kun ein søknadsfrist i året for å søkje medlemskap i BKMR, vi har satt dette til 1 november. Dette ser vi som hensiktsmessig for å få samla arbeidet rundt vurdering av søknader til eit møte. Vi har da moglegheit til å hente inn eksternt hjelp om det skulle vore naudsynt. Styret har da god tid til å promotere og markedsføre BKMR på førehand for å få fleire søkjarar Dette vil bli meir praktisk for styret.

Forslag til vedtak:

Styret ønskjer ein søknadsfrist i året for å søkje medlemskap i BKMR, 1 november kvart år. Dette vil vere hensiktsmessig og mest praktisk for styret samstundes som det er ei meir ryddig prosedyre for søkjarane

8.3 Innmeldte saker til landsmøte i NBK, 6-7 juni 2015

Saker til landsmøte blei meldt inn til fristen 15 mars. Det skal etter formalitetane haldast årsmøte før denne fristen. Men på grunn av litt uklarheiter kom dette i feil rekkefølge denne gongen Styret har meldt i fra om dette til NBK og har fått moglegheit til å endre dei innmeldte sakene etter årsmøtet. Vi vil derfor legge fram dei 2 landsmøtesakene på årsmøtet. Sakene er i den skrivande stund ikkje heilt ferdige men det blir tatt ved eit eige ark som utfyller sakene på BKMR sitt årsmøte. Det blir også sendt ut på mail, slik at dei som ikkje deltar på årsmøte har moglegheit til å kommentere sakene.

Sak I Fjerninga av Uravstemminga

BKMR ber landsmøte ta stilling til om vi bør forenkle prosessen når vi setter sammen Den nasjonale jury og stipendkomiteen. Dette ved å gi tillit til nominasjonsutvalget og fjerne uravstemminga. Med dette meiner vi at; nominasjonsutvalget blir valt på årsmøte,

vårt øverste organ, i ein demokratisk prosess. Det er allereie eit visst krav om breidde i nominasjonsutvalget når det gjeld alder, kjønn, fag, geografisk tilknytning og kulturelt mangfald. Dette gjer at nominasjonsutvalget er i stand til å sette saman gode komitear for DNJ og Stipendkomiteen. Der ein har retningslinjer for begge komiteane, ivareta alder, kjønn, fag, geografisk tilknytning og kulturelt mangfald. Slik ordninga er i dag, er det ein tungvindt tre trinns prosess. Der Uravstemminga kjem i etterkant av nominasjonskomiteens arbeid og endrar fullstendig på deira anbefalingar. Dette gjer at vi overprøver nominasjonsutvalget som vi har gitt tillit til. Dette gir signaler utad, at vi som organisasjon tviler på våre egne sin kompetanse.

BKMR meiner at Nominasjonsutvalet skal få fullmakt til å setje saman ein stipendkomité og DNJ komite med vara. I instruksen til Nominasjonsutvalet skal begge komiteane ha fagleg breidde, geografisk spreiring, brei alderssamansetning, begge kjønn, og den skal representerer eit kulturelt mangfald. Først da får vi godt sammensatte komiteer.

Sak 2 Krav om utdanning innan kunst og handverk

Ein lærar som underviser i Kunst og handverk på småskule-/mellomtrinnet treng inga formell utdanning i faget. Faginnhaldet som konkretiseras i læreplana er omfattande og fordrar ein lærer med både breidde- og dybdekunnskap i sin kunstfagsportefølje.

Når kun 30 prosent av lærarane som underviser i kunstfag i grunnskulen har fagleg kompetanse (SSB), seier det seg sjølv at læringsprosessen ofte ikkje skjer på faglege premissar
Bkmr meiner at myndigheitene må innføre kompetansekrav ved tilsetjing av lærarar i dette faget - på linje med kravet til matematikklærere.

Forslag til vedtak : Årsmøte i BKMR vil be NBK jobbe inn mot myndigheitene med mål om å innføre kompetansekrav ved tilsetjing av lærarar i faget kunst og handverk- på linje med kravet til for eksempel matematikklærarar

SAK 9 **Saker lagt fram av medlemmane**

Utarbeide retningslinjer

At BKMR-styret skal utarbeidar retningslinjer for valg, som valgkomiteen kan nytte i sitt arbeid. Retningslinjene bør innehalde informasjon om vervet, antall år og vedtekter.

Styrets merknader:

Styret stiller seg bak forslaget om utarbeiding av retningslinjer. Vi ønskjer at dette skal ligge tilgjengeleg på BKMR sine nettsider, slik at valgkomiteen finne informasjonen der.

- ❖ Bkmr skal jobbe aktivt for å stimulere fylkeskommunen og kommunane til å satse på kunst i egne bygg og uterom, samt bidra til utvikling av kunnskap og kompetanse om kunst i offentlege rom og tilhøyrande kunstneriske prosessar.
- ❖ Jobbe politisk for at det skal bli fokus på faget kunst og handverk i skolen og kva kompetanse som trengst for å undervise i dette.
- ❖ Arrangere fagdag. Fokus skal her vere på både fagpolitikk og fagleg påfyll. (Arrangere veiledning i søknadskriving for medlemmane til hausten i forbindelse med statens stipend søknad. Sammarbeide MRK.)
- ❖ Vere aktive og tilgjengeleg i debattar og spørsmål som vedkjem kunstnarar sin kvardag.
- ❖ Jobbe for rekruttering av nye medlemmer, nyutdanna kunstnarar og kunstnarar tilknytning til fylket. Ide "verv ein kunstnerkollega"- alle medlemmane tipsar nokon dei kjenner.
- ❖ Den Kulturelle Skulesekken (DKS). Arbeide med forbetring av biletkunstnarane sine produksjon villkår til produksjonar for DKS.
- ❖ Følge opp arbeidet inn mot fylkeskommunen ang. Møre og Romsdal kunstnerstipend til 2 årig arbeidstipend.

INNTEKTER	2015	2014
Fagpolitiske midlar	30.555	29.100
Kontingentar	23.400	26.675
Fagpolitiske midlar (søknad NBK)	5000	10.000
Sum	58.955	65.775
UTGIFTER		
Honorar styreleiar	25.000	25.000
Honorar styremedlemar	12.000	12.000
Reiseutgifter og møteutgifter	6.455	8.000
Rekneskapsføring	6.000	5.000
Administrasjon	1.500	1.500
Telefongodtgjersle valkomité	400	400
Prosjekt	5000	4.275
Nettside	1.000	8.000
Møtegodtgjersle for vara *	1.600	1.600
Sum	58.955	65.775

* Vara får ikkje fast honorar, men vert honorert med kr 800 pr møte.

VAL 2015

(alle merka med raudt stiller til val i 2015)

.

KMR Styret (3år)

Ine Harrang	2014 - 2017
Heidi Rødstøl	2013 - 2016
1. Vara: Inga Dalsegg	2013 - 2016
2. Vara: Ole Mauseth	2014 - 2017

KMR kontrollutval (2 år)

Anne Berntsen 2015- 2017

BKMR Styret (3 år)

Karin Augusta Nogva 2015 - 2018
Trine Røssvold 2014 - 2017
Heidi Rødstøl 2012 - 2016

1. vara: Marit Moltu 2013 - 2016
2. vara: Simon Wågsholm 2014 - 2017

BKMR leiar (1 år)

Karin Augusta Nogva 2015 - 2016

BKMR Kontrollutvalg (2 år)

Halvard Hatlen 2015 - 2017
Fride Haram Klykken 2015 - 2017

Valkomite BKMR (2 år)

Marit Akslen 2015 - 2017
Anne Sara Loe 2014 - 2016

RSU (Regionalt samarbeidsutvalg) (2år)

Anne Sara Loe 2015 - 2018
Vara: Kirsti Bjerkvik 2013 - 2016

Regional innstillingskomite for Statens Utstillingsstipend (2 år)

Kristin Roald Sandøy
Vara: Liv D Sønderland

2014 – 2016
2015 - 2017

Vestlandsutstillingens råd (2 år)

Terese Longva
Vara: Simon Wågsholm

2015 - 2017
2015 - 2017

Kunstmuseet KUBE (4 år)

Anne Beite
Vara: Ine Harrang

2012 - 2016
2012 - 2016

Stiftelsesstyret ved Ålesund kunsthøgskole (4 år)

Liv Kathrin Dysthe Sønderland
Vara: Bent Erik Myrvoll

2013 – 2019
2013 – 2019

Notis: Her er begge valgt for ein periode som var 2013- 2017, men p.g av Stiftelsen Ålesund kunsthøgskole sin syklus, skifter nytt styre i 2015. Det blir derfor ein ekstra lang perido. Neste valgperiode er 2019 – 2023.

NB! Alle verv følger styrets syklus.

23.02.2015,

korr 26.02.2015

Valgkomiteen
Astrid Runde Saxegaard og Anne Sara Loe



BKMR

VEDTEKTER FOR

**BILETKUNSTNARANE I
MØRE OG ROMSDAL**

org.nr 911 577 623

§ 1 NAMN OG ORGANISASJON

Biletkunstnarane i Møre og Romsdal (BKMR) er ein fagorganisasjon for profesjonelle biletkunstnarar i Møre og Romsdal.

BKMR er ein av Norske Billedkunstnere (NBK) sine distriktsorganisasjonar og er forplikta av vedtekter og landsmøtevedtak i NBK.

BKMR er organisert som foreining utan sjølvstendig økonomisk formål.

§ 2 FORMÅL

BKMR skal ivareta biletkunstnarane sine faglege, økonomiske, ideelle og sosiale interesser i Møre og Romsdal.

§ 3 MEDLEMSKAP

3.1 Skriftleg søknad om medlemskap sendast til BKMR sitt styre. Søkjarar som oppfyller opptaksvilkåra for distriktsorganisasjonar, vedtatt på NBK sitt landsmøte, har rett til medlemskap i BKMR. Medlemskap i BKMR fører automatisk til medlemskap i NBK.

3.2 Medlemmar pliktar å betale kontingent til både BKMR og NBK. Kontingentane vert innkravd og skal betalast til NBK. Kontingent til BKMR fastsettast på Årsmøte.

3.3 Profesjonelle biletkunstnarar som buset seg for kortare eller lengre tid i Møre og Romsdal har rett til opptak utan ny vurdering når dei har vore medlem i ein annan distriktsorganisasjon.

3.4 Ved innmelding gir det enkelte medlem fullmakt til at BKMR kan forhandle om, og inngå avtalar om bruk og vederlag, som finn stad i Møre og Romsdal, og for vederlag som vert ytt på kulturpolitisk grunnlag i Møre og Romsdal.

3.5 Biletkunstnarar busett utanfor Møre og Romsdal, som er knytt til Møre og Romsdal, og som elles oppfyller kravet om medlemskap, kan bli tatt opp som assosierte medlemmar. Assosiert medlemskap gir ikkje stemmerett i BKMR sine organ eller medlemskap i NBK. Assosierte medlemmar betaler halv kontingent. Denne vert kravd inn av BKMR.

§ 4 BKMR sine ORGAN

Årsmøtet (§5), Styret (§7), Kontrollutval (§8), Valnemnd (§9)

§ 5 ÅRSMØTET

5.1 Årsmøtet er BKMR sitt øvste organ. Vedtak som vert fatta på Årsmøtet er bindande for BKMR sine medlemmar.

5.2 Årsmøte skal haldast kvart år innan 10.mars. Innkalling med foreløpig dagsorden sendast ut minst 5 veker før møtet. Saker til Årsmøtet skal fremjast til Styret og må vere Styret i hende seinast 4 veker før Årsmøtet.

Dagsorden med samlege sakspapir sendast ut minst to veker før møtet. Berre saker som er fremja på denne måten kan takast opp på Årsmøtet.

5.3 Alle medlemmar av BKMR har rett til å møte på Årsmøtet. Medlemmar som ikkje kan møte på Årsmøtet kan gi skrifteleg fullmakt til eit anna medlem. Fullmakter med ope mandat sendast direkte til medlemmen. Ingen medlem kan ha meir enn tre fullmakter. Årsmøtet er vedtaksfør når det er lovleg innkalla. Dersom Årsmøtet ikkje er vedtaksfør skal det innkallast til nytt årsmøte innan 3 veker. Dette Årsmøtet kan berre handsame saker som vart fremma til det ordinære Årsmøtet.

5.4 Assosierte medlemmar og observatørar har møte- og talerett, men ikkje stemmerett.

5.5 Årsmøtet vert konstituert ved godkjenning av innkalling, fastsetting av dagsorden og val av møteleiar, 2 referentar og 2 til å godkjenne referatet.

5.6 Årsmøtet handsamar:

- Styret si årsmelding
- Rekneskap
- Saker fremma av eller gjennom Styret
- Handlingsplan
- Budsjett
- Fastsetting av medlemskontingentar
- Oppnemningar
- Val

5.7 Årsmøtet vel:

Styreleiar

Styret: 2 medlemmar og 2 vara.

Kontrollutval: 2 medlemmar

Valnemnd: 2 medlemmar

Styret i Kunstnersenteret Møre og Romsdal: 1 medlem og 2 vara

Kontrollutvalet for KMR: 1 medlem

Regionalt samarbeidsutval (RSU): 1 medlem

Delegatar til Landsmøtet i NBK

Kandidatar til verv i NBK

Representantar til ulike verv og styre der BKMR har posisjonar.

Styreleiar vert valt for 1 år i gongen. Medlemmar til styret i BKMR vert valt for 3 år, der eit verv er på val kvart år.

Berre medlemmar i BKMR kan stille til val.

§ 6 EKSTRAORDINÆRT ÅRSMØTE

Ekstraordinært Årsmøte skal innkallast med minst 4 vekers varsel når minst 1/10 av medlemmane, eit fleirtal i Styret, eller Kontrollutvalet krev det. Krav om Ekstraordinært Årsmøte skal fremjast skriftleg til Styret. Sakspapir skal fylje innkallinga. Berre saker som er grunnlagsgjevande for det Ekstraordinært Årsmøte for kan handsamast. Møtet konstituerer seg på same måte som eit ordinært årsmøte.

§ 7 STYRET

7.1 Styret er BKMR sitt øvste organ mellom årsmøta. Styret vel sjølv sin eigen nestleiar og kasserar. Eit av medlemmane skal sitte i KMR sitt styre. Den gjennomgåande styrerepresentanten veljast av Styret sjølv. Vervet i KMR går over 1 år.

7.2 Styret har ansvar for BKMR si verksemd, men unntak av dei oppgåver som etter vedtektene er lagt til Årsmøtet (§5) og Valnemnda (§9). Styret har ansvar for gjennomføring av vedtak fatta på Årsmøtet.

7.3 Det bør haldast minst fire styremøte pr år. Styremøta skal innkallast skriftleg, med sakspapir vedlagt, seinast ei veke før styremøtet. Det skal førast referat frå styremøta. Referata skal godkjennast av styret.

7.4 Styret er ansvarleg for kunstnariske vurderingar i høve medlemsopptak og eventuelt anna kunstnarisk juryarbeid som BKMR får ansvar for.

7.5 Styret foreslår kandidatar til Den Nasjonale Jury og Stipendkomiteen (NBK)

7.6 Styret er vedtaksføre når minst 2/3 av medlemmane eller vara er tilstades. Leiar eller nestleiar må vere tilstades. Vedtak vert avgjort med simpelt fleirtal. Ved likt stemmetal skal leiar si stemme avgjere.

§ 8 KONTROLLUTVALET

Kontrollutvalet skal vere samansett av to medlemmar. Utvalet si oppgåve er å kontrollere at vedtak som er fatta på BKMR sitt Årsmøte vert handsama av Styret. Kontrollutvalet skal ha tilgang på alle BKMR sine dokument, bør møtast to gonger pr år, og skal levere rapport til Årsmøtet. Eit einstemming Kontrollutval kan krevje Ekstraordinært Årsmøte.

§ 9 VALNEMND

9.1 Valnemnda er samansett av to medlemmar. Verva går over to år og er på val i alternerande år.

9.2 Valnemnda innstiller kandidatar til val av: styreleiar, styremedlemmar, Kontrollutval, Valnemnd, Styret i KMR, Kontrollutvalet for KMR, RSU, verv som veljast på NBK sitt Landsmøte, og styrer der BKMR har representasjon.

§ 10 MEDLEMSMØTE

Styret innkallar til medlemsmøte etter behov. Medlemsmøta sin funksjon er debatt og informasjon mellom medlemmane og Styret. Medlemsmøta er rådjevande for Styret.

§ 11 URAVSTEMMING

Styret kan sende saker som har stor innverknad på medlemmane ut til uravstemming. Årsmøtet eller eit Ekstraordinært Årsmøte kan på same vis vedta å sende ei sak ut til uravstemming. NBK sine Landsmøtevedtak og BKMR sine Årsmøtevedtak kan ikkje overprøvast ved uravstemming. Uravstemminga er ikkje bindande med mindre 2/3 av medlemmane deltek eller at minst halvparten av medlemmane stemmer likt. Dersom uravstemminga ikkje vert bindande skal den endelege avgjerla takast av Styret.

§ 12 OPPLØYSING

Oppløysing av organisasjonen kan berre skje med 2/3 fleirtal på to Årsmøter på rad. Ved vedtak om oppløysing skal det samstundes vedtakast kva som skal skje med arkiv, midlar og aktiva. Det er ein føresetnad at desse skal nyttast i tråd med BKMR sitt føremål.

§ 13 VEDTEKSENDRINGAR

Endringar av vedtektene kan berre skje på Årsmøtet med 2/3 fleirtal. Vedtektsendringar trer i foreløpig i kraft etter vedtak på Årsmøtet. Vedtektsendringar er først endeleg godkjent når dei er vedtatt på NBK sitt landsmøte.

STEMMEFULLMAKT til ÅRSMØTE I

B K M R

LAURDAG 21.MARS 2015

Eg..... gir med dette

.....fullmakt til å stemme for meg på
BKMR sitt Årsmøte 2014.

Det er maks 3 stemmefullmakter pr medlem.
Pass på at fullmakta er signert.

.....
Namn og dato

STEMMEFULLMAKT til ÅRSMØTE I

B K M R

LAURDAG 21.MARS 2015

Eg..... gir med dette

.....fullmakt til å stemme for meg på
BKMR sitt Årsmøte 2014.

Det er maks 3 stemmefullmakter pr medlem.
Pass på at fullmakta er signert.

.....
Namn og dato